



Jentene gjorde ein flott innsats trassi tap.

J13-laget til Rosendal/Uskedalen kan sjå tilbake på ein knallbra sesong. Etter svært god innsats i seriespelet vann dei si pulje, og dermed kvalifiserte dei seg til sluttspillet om kretsmeisterskapet i 2.divisjon. I dag møtte dei jentene frå Nordhordland ballklubb til kvartfinale i kampen om KM på bortebane.

Nordhordland er kjende for å ha gode jente- og damelag, og derfor var det venta solid motstand. Jentene våre var nok litt prega av alvorret i startfasen så heimelaget kom best i gang. 1.omgangen var rundt halvspela då NBK scora frå kort hald etter innlegg frå sida. Dermed var det 1 - 0 til heimelaget. Etter dette kom Rosendal/Uskedal meir og meir med i spelet. Likevel vert det rapportert at det forsåvidt var greitt at heimelaget leia med eitt mål ved pause.

Utover i 2. omgang var det tydeleg at nervøsiteten frå startfasen på kampen var borte. Jentene spela godt og kom til ein del halvsjansar og sjansar. Det faktum at NBK sin reservetrenar vart vist ut av banen då han prøvde å overta dømminga, viser at heimelaget slett ikkje følte seg trygge på siger. Likevel ebba 2.omgang ut utan mål, og dermed vart det heimesiger 1 - 0. Jentene gjorde ein god kamp og kan sjå tilbake på ein glimrande sesong.

Det var 4 jenter frå Uskedalen med på laget i dag. Det var Thea Soltveit Taranger, Amalie Hovden Rød, Ida Marie Eidsvik og Hanna Tvilde. Vi gratulerer dei og resten av jentene med ein strålende innsats.

Foto: RTL si facebook-side, Erlend Bøyum
Tekst og nett: Thor Inge Døssland